

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL
Lena Aakre Sjo

Vår dato: 26.06.2022
Vår referanse: 22/46314- 3
Dykkar dato: 25.04.2022
Dykkar referanse:

Børnes tømmerkai, Kvinnherad kommune - prioritering av skisse - tilleggssøknad om tilskotsmidler

Landbruksdirektoratet syner til dykkar søknad datert 25.04.2022 om løyving på ein tilleggssøknad vedrørande utbygging av Børnes tømmerkai i Kvinnherad kommune.

I dei innsendte kaiskissene er det totalt sett signalisert eit betydeleg større behov for tilskot enn løyvinga gjeve i statsbudsjettet for 2022. Kvinnherad kommune skisserer for Landbruksdirektoratet ein tilleggskostnad på 2 348 000 kroner med ei omsøkt tilskotsramme på 1 921 000 kroner. Frå før har kaianlegget som kommunen eig saman med Søre Kvinnherad skogeigarlag fått ei løyving på 7 600 000 kroner av ein kostnad på 9 575 000 kroner. Bakgrunnen for tilleggssøknaden er at ein ser at det vert eit betre prosjekt å rive eksisterande kai og bygge ei ny istaden, enn det er å vedlikehalde den som har fungert fram til i dag.

Vedtak

Landbruksdirektoratet vil prioritere prosjektet i Kvinnherad (Børnes tømmerkai) og inviterer Kvinnherad kommune til å sende inn ein fullstendig søknad for endeleg handsaming, med dei kriteria vi har signalisert ved kunngjering av midla. Vi håper Kvinnherad kommune ynskjer å gå vidare med prosjektet.

Vurdering

Tilskotet dykk har søkt om kan ikkje forventast imøtekome fullt ut dersom dykkar søknad blir prioritert, og det må arbeidast vidare med å redusere kostnadar og/eller tilskotsbehovet i prosjektet.

Heller enn å skrive alt på nytt, bør fullstendig søknad avgrensast til kortfatta å svare ut kriteria, utdjupingar, presiseringar og eventuelt nye opplysningar. For tilhøve som er omtala i skissesøknaden, så kan det vises til denne.

Søknadsfrist

Søknadsfrist settes til 09.09.2022.

Klagerett

Dykk eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på dette vedtaket til Landbruks- og matdepartementet jf. forvaltningslova kap. VI. Klagefristen er tre veker etter at dykk fekk dette brevet. Klaga sendes til Landbruksdirektoratet. Sakas parter har rett til å gjere seg kjend med sakas dokument jf. forvaltningslovas §§ 18 og 19.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Trond Svanøe-Hafstad
seksjonssjef

Per Odd Rygg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.

Mottakar:
Kvinnherad kommune

Kopi til:
Helge Kårstad